

Tradisjonell julekonsert neste helg

05.12.2009



**Neste søndagskveld, 13. desember, klokka 19, er det klart for den tradisjonelle julekonserten i kyrkja. Tre aktørar går att år etter år, det er Uskedal skulemusikk, Kvinnherad trekkspelklubb og Røysterett for alle (bileta, alle frå konserten i fjor) og dei står sjølvsagt på programmet også denne gongen.**



Men det kjem solistar i tillegg og denne kvelden er det den unge trumpetisten Vegard Døssland som spelar og Toril Myklebust (med anar i Uskedalen) som syng.

Torstein Aartun held andakt under konserten. Det blir også allsong.



Konserten i kyrkja plar vera ein fin og verdig opptakt til julefeiringa og slik blir det nok også denne gongen. Dei som er under 15 år går gratis, medan inngangsbilletten kostar 100 for dei over 15.  
(Foto: Ola Matti Mathisen)